

Saksprotokoll fylkestinget - 16.06.2021

«Manglande busstilbod mot Bergen

Langs E39 frå Sunnfjord / Ytre Sogn til Bergen er det blitt dårlegare tilbod for kollektiv-reisande. Det går tre bussar pr dag, og alle er ekspressbussar (Vy). Første buss til Bergen har ankomst kl 15.30. Dvs at alle med avtalar (td på regionsjukehuset, for Gulen gjeld det også lokalsjukehuset som er Haraldsplass) må køyre eigen bil, drosje eller overnatte. Det samme om ein skal vidare med tog eller fly.

Prisbiletet for å reise med ekspressbuss er som kjent også heilt anleis enn for Skyss sine egne bussar.

Prisen Førde - Bergen, ein veg, varierer mellom kr 421,00 og kr 479,00. Men det største problemet for folk er manglande tilbod.

Vil fylkeskommunen vurdere å sette opp ei rute på morgonen på denne strekningen, for å gje folk i denne delen av fylket eit betre kollektiv-tilbod?

Det går truleg ei skulerute frå Haugsvær i Masfjorden ti Knarvik om morgonen. Eg skriv "truleg" for ho kjem ikkje opp når ein søker på Skyss sin ruteplanleggar. Kunne denne vore forlenga til Oppedal? Det ville også vore naturleg i og med at Knarvik vgs er nærskule for Brekke skulekrins.

Ligg det inne planar for betring av tilbodet i samband med den lova saka om samordning og sonestruktur?

Blir det lagt opp til at evt kostnad for ei slik rute blir klarlagt slik at ein evt kan ta stilling til det i budsjettsamanheng?

Om ikkje, er dette ei sak fylkesordførar vil følgje opp med tanke på å finne ei løysing?»

Svar frå fylkesordføraren:

Tilbodet langs E39 på strekninga Haugsvær-Knarvik er retta mot skuleskyss, med ein avgang morgon 06:50 frå Haugsvær og retur ettermiddag. Tilbodet gjeld alle skuledagar og er open for alle reisande. Tilbodet elles er ruter som vert køyrt av kommersielle aktørar, Norway Bussekspress og Vy, og som Skyss ikkje styrer. Tilbodet på desse rutene er siste året redusert, men dette kan også endre seg igjen.

Det er ikkje planlagt styrking av tilbodet i samband med samordning av sonestruktur.

Fylkesordføraren viser til høyringsutkast til Regional transportplan 2022 - 2033 og tilhøyrande handlingsprogram, med ny Strategi for berekraftig mobilitet, der eit av tiltaka er å utarbeide prinsipp for tilbodsstandard for mobilitetstilbodet. Prinsippa vil vere ei rettesnor for nivået på mobilitetstilbodet i ulike marknader, og såleis vere eit viktig grunnlag i prioritering av nye tilbod.

Ei problemstilling er knytt til vidaregåande skuleelevar frå dette området, og som kan søkje Knarvik vidaregåande skule. Dersom det er elevar med rett på skuleskyss vil dette bli ivaretatt, men den konkrete løysinga må vurderast nærare når og dersom dette vert aktuelt.